



AUKLANDSHAMN BYGDALAG

VEDTEKTER

Auklandshamn Bygdalag er eit frittstående, ideelt lag som opererer uavhengig av andre lag og organisasjonar. Bygdalaget er eit fellesorgan for heile bygda. Målet er at bygda skal vere attraktiv og god å bu i, både for born og vaksne.

1. FØREMÅL

- Auklandshamn Bygdalag har som hovudmål å gjera bygda meir triveleg å bu i, og meir attraktiv for evt. nye innbyggjarar.
- Påverke lokale myndigheiter ut frå lokalsamfunnet sine interesser.
- Vere eit forum og ein pådrivar for utvikling av nye idear og gjennomføring av prosjekt i bygda.
- Arbeida for å styrkje/behalde servicetilboda i bygda.
- Vere pådrivar for å verna særpreget i bygda.
- Utvikle nye trivselstiltak.
- Jobba for gode relasjonar mellom fastbuande og ferierande.
- Samarbeida med andre lag og organisasjonar i bygda når det er naturleg.

2. MEDLEMMER

Alle innbyggjarar som er fastbuande i Auklandshamn skulekrins er automatisk medlemmer. Medlemmene og andre som har interesser i bygda vil få muligheit til å støtte prosjekter som bygdalaget arbeider med ved å betale inn gåvebeløp til bygdalagets bankkonto.

3. STEMMERETT

Stemmerett har alle medlemmer frå og med (i løpet av inneverande år) 15 år.

4. ÅRSMØTE

Årsmøte er Bygdalaget sitt høgaste organ.

INNKALLING

Innkalling til årsmøte skal gjerast gjennom kunngjering i lokalpressa og/eller direkte innkalling.

Kunngjeringa, med førebels saksliste, skal kunngjerast minst **3 veker** på førehand.

SAKER TIL ÅRSMØTE

Framlegg til saker som ein vil ha opp skal meldast til styret minst **2 veker før årsmøtet**.

SAKSLISTE TIL ÅRSMØTE

Endelig saksliste skal vera klar og kunngjort med oppslag ei veke før møtet.

1. Godkjenning av innkalling.
2. Godkjenning av saksliste.
3. Val av ordstyrar.
4. Val av referent.
5. Godkjenning av årsmelding
6. Godkjenning av rekneskap
7. Val
8. Anna

Det skal leggjast fram forslag til nytt styre frå valnemnda:

Styret skal ha ein leiar + 6 styremedlemmer.

Styremedlemmene vert valde for 2 år i gongen. Det vil derfor variera mellom 3 og 4 styremedlemmer som skal veljast kvart år.

Det er mogleg for styremedlemmer å ta attval dersom valnemnda foreslår dette.

Den/dei som går ut av styret blir ny valnemnd.

Valnemnda skal tre i kraft minst 2 månadar før planlagt årsmøte.

5. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når :

- Når styret finn det naudsynt.
- Når minst 25 medlemmer krev det.

6. Oppløysing av Bygdalaget

Bygdalaget kan berre leggjast ned, dersom minst 2/3 av dei frammøtte vedtek det. Annonsering av årsmøte må vera korrekt utlyst og godkjent.

Verdiar som er i eige av Bygdalaget skal løyvast til føremål som vil koma bygda til gode.

7. Endringar av vedtekter

Endringar i vedtekter kan skje på lovlig innkalla årsmøte, og med 2/3 fleirtal av dei frammøtte som har stemmerett.

Forslaget til endringar må kunngjerast på førehand og minst ei veke før aktuelt årsmøte.

8. Arbeid i styret

- 8.1 Styret konstituerer seg sjølv på første møte etter årsmøte.

Det skal veljast :

- Leiar
- Nestleiar
- Skrivar
- Kasserar

- 8.2 Styret kan / skal danna grupper til å arbeida med spesielle oppgåver.

Storleik på gruppene skal tilpassast oppgåvene. Funksjonstida kan og variera frå oppgåve til

oppgåve.

Eit medlem frå styret bør vera medlem i kvar arbeidsgruppe.

- Kvar gruppe skal ha ein kontaktperson mot styret. Kan vera styremedlem.
- Styret set opp retningslinjer for arbeidsgruppene.

8.3 Styret kan i tillegg ta opp andre aktuelle saker i arbeidsåret, enn dei som er drøfta på årsmøte, og som vil gagne bygda.

8.4 Styret skal aktivt arbeida med å informera bygdefolket og lag / organisasjonar om aktuelle saker som laget arbeider med. Dette kan gjerast gjennom lokale media gjennom rundskriv, oppslag, på allmøte, nettsida eller direkte til medlemmer.

Styret skal og halda opne infomøte/ debattmøte om aktuelle saker som treng brei handsaming.

